

Bacheloroppgåve

Tilknytning hos dei yngste barna i barnehagen

Siv Randi Førde

Barnehagelærerutdanning
BLUBA
2017



HØGSKULEN
I VOLDA

Forord:

Denne bacheloroppgåva er gjennomført tredje året på barnehagelærerstudiet ved Høgskulen i Volda. Oppgåva er ei kvalitativ studie av ei sentral problemstilling knytt til barnehagelæreryrket, og den er empirisk forskingsbasert og sjølvstendig.

Å skrive denne oppgåva har vore utfordrande og tidkrevjande, men samtidig veldig lærerik. Eg vil i dette høve rette ei stor takk til mine informantar som sa ja til å stille opp på intervju og dele sin kunnskap med meg. Utan dei hadde ikkje denne oppgåva vore mogleg å gjennomføre. Eg vil og takke Martina, Jeanett og Elise for god støtte, latter og oppmuntring gjennom denne prosessen.

Ei spesiell takk til min rettleiar Kristin Rostad Gangstad for god støtte, rettleiing og gode tilbakemeldingar. Heilt til slutt vil eg takke sambuar og dotter for all støtte og tålmodigheit med meg i denne prosessen.

Nordfjordeid 12.01.2017

Innhold

1.0 Innleiing	6
2.0 Kunnskapsgrunnlag	7
2.1 Politiske styringsdokument:	7
2.1.1 Samfunnsmandatet	7
2.1.2 Melding til Stortinget nr 24:	8
2.1.3 Høyringsutkast om barnehagens innhald og oppgaver.....	8
2.2 Teoretisk perspektiv og forskning på problemstillinga	9
2.2.1 Tilknytning	9
2.2.2 Tilvenning	12
2.2.3 Foreldresamarbeid	13
2.2.4 «Trygg base» og «Tryggheitssirkelen» (Circle of security)	14
2.2.5 Aktuell forskning i barnehagen:.....	15
3.0 Metode	16
3.1 Kvalitativ og kvantitativ metode.....	16
3.2 Val av informantar	17
3.3 Førebuing og gjennomføring av intervju	18
3.4 Transkribering.....	20
3.5 Analyseprosessen:	20
3.6 Metodekritikk:	21
3.6.1 Reliabilitet og validitet.....	21
3.6.2 Generalisering	22
3.6.3 Etske utfordringar	22
4.0 Empiri	23
4.1 Tilknytning:	24
4.2 Tilvenning	26
4.3 Foreldresamarbeid	28
4.4 Tryggheitssirkelen	28
4.5 Oppsummering av empiri:.....	29
5.0 Drøfting.....	30
5.1 Tilknytning	30
5.2 Tilvenning	33
5.3 Foreldresamarbeid	35
5.4 Tryggheitssirkel (circle of security).....	35
6.0 Konklusjon	36

7.0 Kjeldeliste:	38
8.0 Vedlegg 1	40
9.0 Vedlegg 2	42

Samandrag:

Hensikt og bakgrunn: Eg har valt å sjå nærare på temaet tilknytning hos dei yngste barna i barnehagen, og korleis pedagogiske leiarar kan legge til rette for dette. Bakgrunn for valet mitt er at eg ynskjer å jobbe med dei yngste barna når eg er ferdig med utdanninga. Eg må då ha god kunnskap om korleis eg kan legge til rette for trygg tilknytning, slik at barna får det godt i barnehagen.

Teori og avgrensing: Der er mykje aktuell teori og forskning på temaet, men for å avgrense området har eg valt å fokusere på dei teoretikarane eg meiner er viktigast for å kunne belyse mi problemstilling. Det er John Bowlby, Mary Ainsworth og Donald Winnicott. Av nyare aktuell teori har eg valt å fokusere mest på May Britt Drugli (2014) og Gerd Abrahamsen (2011, 2015).

Metode: For å få tak i informasjon om dette temaet, har eg valt ein kvalitativ orientert metode, for å kome djupare ned i temaet. Eg valte også å bruke kvalitativt intervju. Ved å bruke kvalitativt intervju kunne eg lettare finne kjernepunkta i det emnet eg ville studere, og eg kunne få ei grundigare skildring av fenomenet som eg var interessert i (Løkken & Søbstad, 2006, s. 107).

Truverd: Før intervjuet laga eg meg ein intervjuguide med aktuelle spørsmål om temaet. Denne vart godkjent av rettleiar og testa ut i to pilotintervju. Eg la ned mykje arbeid i å stille gode og relevante spørsmål som skulle kunne gi meg svar på mi problemstilling. Informantane fekk ikkje intervjuguiden på førehand. Eg ville ha så ærlege svar som mogleg, for å styrke validiteten til oppgåva, og ikkje svar som dei på førehand hadde lest seg opp på.

Funn: Informantane har mykje god kunnskap og erfaring om korleis dei kan legge til rette for trygg tilknytning, og delar sine metodar med meg. Mykje av det informantane svarar er likt, men der er også fleire ting som skil seg ut.

Drøfting og konklusjon: Den informasjonen eg får frå mine informantar kan i høg grad relaterast til tidlegare og aktuell teori på temaet. Dei er alle einige om at tilknytning handlar om trygghet, og det at barnet må få knyte band til ein omsorgsperson i barnehagen. Dei er også alle opptatt av å vise omsorg overfor barna, vere nær og tilgjengeleg.

1.0 Innleiing

Eg har valt tilknytning hos dei yngste barna i barnehagen som tema for mi bacheloroppgåve. Eg har alltid vore opptatt av dei yngste barna, og synest det med tilknytning er noko av det viktigaste vi vaksne i barnehagen jobbar med. Eg har også jobba på føde/barselavdeling i mange år, og har sett kor viktig det er med trygg tilknytning heilt frå starten av.

Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver (2011), heretter berre referert til som *Rammeplanen* (2011), seier ikkje mykje om akkurat det med tilknytning, ordet er nemnt berre ein gong: «Barn må både få oppleve tilknytning og fellesskap» (...) (Kunnskapsdepartementet, 2011, s. 18). Den har heller ikkje spesielt fokus på dei yngste barna, den nemner berre generelt alle barn. Når eg las på høyringsutkastet for ny tilsvarande rammeplan som kjem ut i 2017, såg eg at her blir dei yngste barna nemnde spesifikt. Men samtidig er dei nemnde berre ein gong, under det med medverknad. Omgrepet tilknytning blir ikkje brukt i dette høyringsutkastet, i staden brukar dei «å knyte seg til» (KD, 2016, s. 6-7).

Eg ynskjer å belyse dette temaet meir med denne oppgåva, samtidig som eg sjølv får meir kunnskap om det. For meg vil dette vere viktig, sidan eg ynskjer å jobbe med dei yngste barna når eg er ferdig utdanna.

I følgje statistisk sentralbyrå (2016) går over 80 % av alle barn i Norge mellom eitt og to år i barnehage, og dette set krav til personalet om god kunnskap om omsorg for dei yngste barna (Drugli, 2014, s. 10). Det blir behov for eit tydeleg fokus retta mot småbarnspedagogikken i barnehagane, og kva som skal til for at dei aller yngste barna skal ha det bra der. Dei yngste barna i barnehagen er «annleis» enn dei eldre barna, hevdar Drugli, blant anna fordi dei er sårbare i forhold til i kva grad dei opplever tilstrekkelig trygghet og omsorg frå personalet si side. Dei treng først og fremst å vere forankra i trygge relasjonar til dei vaksne. (Drugli, 2014 s. 3). Det er difor viktig at eg tileignar meg kunnskap om dei yngste barna sine behov for tilknytning, og korleis eg som pedagogisk leiar kan legge til rette for det. Ut frå dette formulerte eg denne problemstillinga:

Korleis kan pedagogiske leiarar legge til rette for trygg tilknyting hos dei yngste barna i barnehagen?

Trygg tilknyting handlar om at det emosjonelle bandet barnet har fått knytt til den vaksne er til stades, sjølv om den vaksne ikkje fysisk er hos barnet heile tida (Askland & Sataøen, 2013, s. 63). Dette utdjupar eg meir i kapittel 2. Med dei yngste barna i denne oppgåva meina eg barn i alder 0-3 år. Det vart og viktig å dra inn tilvenning i denne oppgåva. Det er ofte i tilvenningsfasen at tilknytninga mellom barn og vaksne byrjar

2.0 Kunnskapsgrunnlag

I dette kapittelet presenterer eg politiske styringsdokument, forskning og teori som er relevant for mi oppgåve, og som vil vere med å belyse problemstillinga mi. Styringsdokumenta og teorien vil også vere eit verktøy for meg å bruke i prosessen med analyse og drøfting. Eg vil først gå inn på politiske styringsdokument, deretter forskning og teoretisk perspektiv på temaet.

2.1 Politiske styringsdokument:

Her vil eg først kort presentere samfunnsmandatet, som *Rammeplanen* (2011) og *Barnehagelova* (2005) gjer greie for. Deretter dreg eg inn litt om Stortingsmelding 24, og *Høyringsutkast til Rammeplan* (KD, 2016, s. 7).

2.1.1 Samfunnsmandatet

Samfunnsmandatet er dei overordna bestemmelsane om barnehagens formål, innhald, verdigrunnlag og oppgåver. Som eg nemnde i innleiinga seier *Rammeplanen* (2011) lite om det med tilknyting, og den har ikkje spesielt fokus på dei yngste barna. Men den seier at barna må få oppleve tilknyting (KD, 2011, s.18), og at barna har rett til omsorg og skal møtast med

omsorg (KD, 2011, s. 29). Den påpeikar at personalet har omsorgsplikt overfor barna i barnehagen, og at ein omsorgsfull relasjon er prega av nærleik og vilje til samspel med barna (KD, 2011, s. 29, 31). Samfunnsmandatet påpeikar også viktigeita av foreldresamarbeid, og i *Barnehagelova* står det: «Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling» (Barnehagelova, 2005, paragraf § 1).

2.1.2 Melding til Stortinget nr 24:

Denne meldinga til Stortinget hevdar at det som er viktig og kan påverke barns læring og trivsel, er kvaliteten på samhandling mellom barn og vaksne (KD, 2012-2013 s. 18) Meldinga legg også vekt på personalet sin kompetanse, og at små barnegrupper er viktig for dei yngste barna. Den påpeikar at små barnegrupper gir vaksne betre muligheit til å sjå kvart barn, og det blir enklare å dekke det enkelte barns behov for nærleik og omsorg. Små barnegrupper påverkar også kvaliteten på samspel mellom barn og vaksen, i følgje meldinga til Stortinget nr 24 (KD, 2012-2013 s. 51)

2.1.3 Høyringsutkast om barnehagens innhald og oppgaver

Frå hausten 2017 skal det innførast ein ny rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver. I høyringsutkastet som blei offentleggjort i oktober 2016 står det at barna må få knyte seg til personalet, og at dei alle skal oppleve trygghet. Personalet må vere lydhøyr overfor barnas uttrykk, og møte deira behov for omsorg med sensitivitet (KD, 2016, s. 7). Der står også at når barna byrjar i barnehagen, skal barnehagen samarbeide med foreldra slik at barna får ein trygg og god start (KD, 2016, s. 20).

2.2 Teoretisk perspektiv og forskning på problemstillinga

Eg har funne mykje aktuell teori og forskning om mitt tema, men for å avgrense området, har eg valt å fokusere på dei teoretikarane eg meiner er viktigast for å kunne belyse mi problemstilling. Det er John Bowlby, Mary Ainsworth og Donald Winnicott. Av nyare aktuell teori og forskning har eg valt å fokusere mest på May Britt Drugli (2014) og Gerd Abrahamsen (2011 & 2015). Teori og forskning er her skrivne saman, fordi dei går inn i kvarandre. Som eg nemnde i innleiinga, har eg valt å ta med litt om tilvenning, for det er oftast der tilknytninga byrjar i barnehagen. Trygghetssirkelen vil også vere relevant teori for mi oppgåve, fordi den er sentral når det gjeld å jobbe med tilknytning, spesielt hos dei yngste barna.

Eg vil her først gå inn på temaet om tilknytning. Vidare ser eg på tilvenning og foreldresamarbeid, og til slutt «trygg base» og Trygghetssirkelen.

2.2.1 Tilknytning

Forskarane John Bowlby og Mary Ainsworth har vore sentrale i utviklinga av vår forståing av fenomenet tilknytning (Drugli, 2014 s. 21). Bowlby (1958) var den første som brukte omgrepet tilknytning, og som gjorde greie for kva som kjenneteiknar barn sine relasjonar til sine næraste omsorgspersonar (Brandtzæg et al., 2011, s. 21). I følgje han blir tilknytning skildra som ein tilbøyelighet til å knyte nære følelsesmessige band til omsorgspersonar som kan gi trøyst, vern og ro, og denne tilbøyeligheta er noko som er medfødt hos spedbarn (Hart & Schwartz, 2009, s. 65). Litt enklare sagt handlar tilknytning om det emosjonelle bandet barna knytter til ein eller fleire personar (Askland & Sataøen, 2014, s. 61).

I følgje Smith (2002, sitert i Drugli, 2014, s. 21) kan ikkje barnet klare seg aleine og må raskt knyte seg til nokon som kan ta hand om det. Tilknytning er som sagt eit medfødt behov hos dei minste barna, og er like viktig som behovet for mat og drikke (Askland & Sataøen, 2014, s. 58). Oftast er det først og fremst foreldra barnet knytter seg til, og tidlegare trudde ein at barnet berre kunne knyte seg til éin slik primærperson. Men etter kvart fann forskarar ut, i følgje Smith (2002, sitert i Drugli, 2014, s. 21), at barnet kan knyte seg til fleire som står barnet nært. Små barn knytter seg til personar som gir dei fysisk og emosjonell omsorg, er rimeleg

stabilit til stades i deira liv og er villig til å gå inn ein nær, positiv og forutsigbar relasjon til dei (Drugli, 2014, s. 21). Tilknytninga kan kjenneteiknast ved at den varer over tid, rører ved relasjonen til ein spesiell person som ikkje er mogleg å erstatte og har stor betydning for individet. Personane søker kvarandre sin nærleik, og dei opplever ubehag ved ufrivillig separasjon frå kvarandre (Broberg et al., 2014, s. 37).

Trygg og utrygg tilknytning

Mary Ainsworth var utdanna psykolog frå USA, og blei ein av Bowlbys mangeårige og kanskje mest verdifulle forskningsmedarbeidar (Abrahamsen, 2015, s. 66). Det var ho som utvikla omgrepa trygg og utrygg tilknytning, og meinte at det er kvaliteten på samspel mellom barn og omsorgsperson som avgjer om tilknytninga mellom dei blir trygg eller utrygg. (Drugli, 2014, s. 27). I følge Askland & Sataøen (2014, s. 63) er trygg tilknytning kjenneteikna av at tryggheita ein har gjennom den andre er der, sjølv om personen ikkje er fysisk til stades. Den trygge tilknytninga skjer når barnet har ein trygg base, at dei har tilgang til omsorgsperson når tilknytingsåtferda er aktivert (Hart & Schwartz, 2009, s. 77). Drugli (2014, s. 27) påpeikar at barn som er trygt tilknytt ikkje vil vere opptatt av nærleiken til omsorgspersonen heile tida.

Utrygg tilknytning oppstår når samspelet mellom barnet og omsorgspersonen ikkje er prega av forutsigbarheit og sensitivitet. Barn med utrygg tilknytning vil ha problem med å utforske verda rundt seg, fordi dei ikkje stolar på at der er ein trygg base dei kan kome tilbake til når dei treng det (Broberg, Almqvist, & Tjus, 2016; Drugli, 2014, s. 28). Desse barna kan enten bli klengete til omsorgspersonen fordi dei prøvar å oppretthalde nærleiken til dei heile tida, eller dei kan innta ei åtferd som viser at dei ikkje treng hjelp og støtte fordi dei klarer seg sjølve. (Smith, 2002, sitert i Drugli, 2014, s. 28). Barn med utrygg tilknytning til foreldra kan vise meir negativ åtferd i barnehagen, noko som kan føre til irritasjon hos personale, som igjen kan føre til utrygg tilknytning til dei og (Cohn, 1990, sitert i Drugli, 2014, s. 37).

Tilknytingsåtferd

Tilknytingsåtferd skildrar dei ulike formene for åtferd som hjelper barnet til å kunne oppnå og behalde omsorgspersonens nærleik og kontakt (Hart & Schwartz, 2009, s. 69). I følgje Abrahamsen (2015, s. 58) vil dette for barn under tre år ofte vere å gråte, strekke hendene opp mot omsorgspersonen, søke med blikket, prøve å klamre seg til omsorgspersonen eller prøve å følgje etter den personen dersom den fysiske eller følelsesmessige kontakta ikkje er nær nok. Tilknytingsåtferda kan bli utløyst når barnet er trøyytt, lei seg, sjuk, utrygg eller skremt. Ofte vil tilknytingsåtferda avta dersom barnet får kroppskontakt med omsorgspersonen, augekontakt, eller beroligande ord (Abrahamsen, 2015, s. 58).

Omsorgsperson

For barn som er rundt eitt år er det eit basisbehov å ha ein omsorgsperson tilgjengeleg, og dette må takast på alvor for at barna skal ha det bra i barnehagen (Drugli, 2014, s. 24). Barna som er i barnehagen må vere vekke frå foreldra sine mange timar om dagen, og dei må lære seg å bruke omsorgspersonen som erstatningsperson til foreldra kjem tilbake (Abrahamsen, 1997, s. 20). I følgje Drugli (2014, s. 34) kan desse små barna oppleve høgt stress i fråvær av foreldra, og dei treng hjelp frå ein omsorgsperson til å dempe stresset og få tilbake tryggheita. Bowlby legg stor vekt på betydninga av omsorgspersonens tilgjengelegheit, både fysisk og psykisk, og personen si evne til å gi gjensvar i samspel med barnet (Abrahamsen, 1997, s. 92).

Drugli hevdar at ein sentral faktor i etablering av ein trygg tilknytingsrelasjon mellom barnet og omsorgspersonen, er sensitivitet frå omsorgspersonen. Å vere sensitiv krev at omsorgspersonen har merksemda si retta mot barnet, og at vedkomande klarer å fange opp og tolke barnets åtferd, reaksjonar og uttrykk på ein riktig måte. Dei må kunne sjå barnet (Drugli, 2014, s. 30).

2.2.2 Tilvenning

I følge Fagereng (2015, s. 16) er tilvenning den prosessen barnet og foreldra er i når barnet skal venne seg til livet i barnehagen for første gong. Tilvenningsperioden er sentral for barna si oppleving av trygghet i barnehagen (Drugli, 2014, s. 34). Dei første dagane i barnehagen er prega av mange nye inntrykk for barna, og difor er det viktig at dei første dagane for barnet i barnehagen er korte (Fagereng, 2015, s. 25). Winnicott hevdar at dei yngste barna må få «verda inn i små dosar», og eg tolkar det slik at det er ein peikepinn på korleis tilvenningsperioden bør vere. Omverda må holdast passeleg oversiktleg og i samsvar med barnet sin modenheit og alder, slik at det ikkje blir for overveldande og forvirrande for barnet (Abrahamsen, 2015 s. 138). Barnehagen bør vere fleksibel med tanke på små barns tilvenning. Mest ideelt er det om rutinane blir tilpassa barnet, og ikkje omvendt (Broberg et al., 2012; Drugli & Undheim, 2012; Drugli, 2014, s. 116). I følge Abrahamsen (2015, s. 147) er det viktig å ha fagleg gjennomtenkt planlegging og organisering av tilvenningsperioden, for å hjelpe barna med utfordringane dei kan møte i den nye barnehagekvardagen.

Overgangsobjekt

I tillvenningsfasen søker barnet det trygge og kjente. Og for at barnehagen skal vere ein trygg base for barnet å vere i, kan overgangsobjekt vere til stor hjelp. Det kan for eksempel vere smokk, bamse eller sutteklut som barnet har knytt seg til heime, som kan skape forbindelse mellom tilværelsen heime og i barnehagen (Fagereng, 2015, s. 26). Winnicott hevdar at barnet tar i bruk overgangsobjekt for å bygge bro mellom opplevinga av å vere aleine og å vere i favn. Dei representerar symbolet på samspelsopplevingar og den kroppslege nærheita til kjærleiksobjekta/foreldra. (Abrahamsen, 1997, s. 103).

Primærkontakt

Sjølv om vi no veit at barnet kan knyte seg til fleire personar, vil dei ofte ha ein primær tilknytingsperson. Dette er den personen barnet søker til når det treng trøyst og trygghet (Drugli, 2014, s. 23). Primærkontakta skal sørge for at barnet blir kjent med og trygg i den

nye kvardagen. Når barnet knyter seg til primærkontakta, er det mykje enklare for det å skiljast frå foreldra (Fagereng, 2015 s. 49). I følgje primærkontaktmodellen til Drugli (2014, s. 113) er tanken at når barnet har etablert trygghet til sin primærkontakt, kan barnet bruke denne tryggheta som ein base for vidare utforsking av andre relasjonar og miljøet i barnehagen. Vidare hevdar Drugli at sidan primærkontakta har ansvar for få barn om gongen, er det lettare for dei å følgje tett opp dei barna dei har ansvar for. Det skapar trygghet og ro for barna å vite at primærkontakta er der for dei når dei treng det (Drugli, 2014, s. 113).

Abrahamsen (2015, s. 155) påpeikar at ein ikkje kan seie at primærkontakt er det same som tilknytingsperson. Det er fordi dei yngste barna sine tilknytingsbehov ikkje kan dekkast av kven som helst eller på kva som helst måte. Som eg har nemnt tidlegare i dette kapitlet, handlar tilknytninga om det emosjonelle bandet som oppstår mellom barn og vaksen (Askland og Sataøen, 2014, s. 61). Dersom barnet får det bandet med primærkontakta, kan den også bli tilknytingspersonen, men barnet kan også velje å knyte seg til ein annan ein primærkontakta (Abrahamsen, 2015, s. 155- 156). Tilknytning handlar om tillit, pålitelegheit og emosjonell tilgjengelegheit og skal byggast opp over tid, noko som samsvarar med det eg har nemnt under avsnitt om omsorgsperson, og difor blir det i følgje Abrahamsen feil å byte ut primærkontakt med tilknytingsperson (Abrahamsen, 2015, s. 155).

2.2.3 Foreldresamarbeid


Allereie i §1 i *Barnehagelova* (2005), formålsparagrafen, blir viktigheita av foreldresamarbeidet tydeliggjort. Det kan vere krevjande for små barn å byrje i barnehage, og difor bør både foreldre og personale samarbeide for å legge best mulig til rette for at overgangen frå heim til barnehage skal bli så god som mulig. Barnet treng at kvardagen med veksling mellom barnehage og heim heng saman, og dette må foreldra og personalet sørge for (Drugli, 2014 s. 134-135). Vidare hevdar Drugli (2014, s. 133) at open kommunikasjon ofte er nøkkel til byrjinga av eit godt samarbeid, og det trengst tillit for å kunne utvikle det (Drugli, 2014, s. 145). Drugli (2014, s. 149) hevdar også at forskning har dokumentert at det er samanheng mellom kvalitet på samarbeid mellom personale og foreldra, og i kva grad barnet

finn seg godt til rette i barnehagen. Barna blir også lett påverka av foreldra sine emosjonelle signal, dermed vil ofte barna bli trygge om foreldra er det (Drugli, 2014, s. 146).

Mange barnehagar har oppstartsamtale med foreldra, enten før barnet byrjar eller ein av dei første tilvenningsdagane til barnet. Denne samtalen er til for at foreldra skal kunne førebu seg og barnet på det som kjem, og at personalet kan få informasjon om barnet. Hensikta med samtalen er å lette og støtte tilvenningsprosessen (Fagereng, 2015, s. 88). Det å møte personalet på tomannshand gjer at tilvenningsperioden blir tryggare og betre for foreldra og barnet, og ein gjer det mogleg å «sy saman» barnets liv heime og i barnehagen (Brandtzæg et al., 2013, s. 102-103).

2.2.4 «Trygg base» og «Trygghetssirkelen» (Circle of security)

Omgrepet «trygg base» står sentralt innanfor tilknytningsteorien (Smith, 2002, s. 22), og det var Mary Ainsworth som først brukte omgrepet (Broberg et al, 2014, s. 36). Bowlby meinte at det er den trygge basen som omsorgspersonen representerer som fører til at barnet får stadig aukande sjølvstendigheit, for eksempel til å utforske verda. Og for å kunne gå ut i verda og utforske, må barnet ha gjentekne opplevingar av at dei alltid kan kome tilbake til den trygge basen for trøyst, hjelp og oppmuntring utan å bli avvist (Abrahamsen, 2015, s. 54). Slik eg ser det er det dette som fleire no omtalar som Trygghetssirkelen (Circle of security). Barn har som sagt medfødt tilknytningsbehov, men i følgje Brandtzæg et al. (2013, s. 17) har dei også medfødt behov for å utforske og meistre omgjevningane. I følgje dei kan barnet nede i Trygghetssirkelen få hjelp, trøyst og nærleik hos den trygge basen, når tilknytningsbehovet er slått på. Oppe i sirkelen fungerer den trygge basen som ei støtte og eit vern når barnet går ut og utforskar. Brandtzæg et al. (2013, s. 6) påpeikar at Trygghetssirkelen er ei god vegleiing for vaksne som skal lære om barns behov for tilknytning, trøyst og vern i tillegg til deira behov for meistring og utforsking.



Dette bildet er tatt frå boka *Se barnet innenfra* (Brandtzeg et al., 2013, s. 25).

2.2.5 Aktuell forskning i barnehagen:

I forbindelse med søk etter aktuell teori om tilknytning hos dei yngste barna i barnehagen, kom eg over ei masteroppgåve om tilvenning der forfattern også hadde tatt med ein del om det med tilknytning. Det eg merka meg var at ho hadde fokusert på andre ting med tilknytning og tilvenning enn det eg har valt å gjere i denne oppgåva. Forfattern har mellom anna vore opptatt av barns kortisolnivå, barns stressnivå, når dei byrjar i barnehagen. Her viser ho til studiar som indikerer at det er stressande for barna å byrje i barnehagen, og at trygg tilknytning ikkje ser ut til å verken dempe eller auke kortisolnivået. Dette vert undersøkt i ei masteroppgåve frå Høgskulen i Oslo og Akershus (Rudolph, 2015, s. 27-28). Erik Eliassen (Eliassen, 2012) har også behandla dette med stressnivå i si masteroppgåve frå Høgskulen i Oslo og Akershus. Men sidan dette ikkje er fokus i mi oppgåve, vil det ikkje bli drøfta vidare.

3.0 Metode

I dette kapitlet vil eg ta for meg metoden eg har brukt i denne oppgåva. Eg vil her skildre forskingsprosessen, og grunngje dei vala eg har tatt undervegs. Sosiologen Vilhelm Aubert skildrar i Dalland (2015, s. 111) at ein metode er ein framgangsmåte og eit middel til å løyse problem, slik at ein kjem fram til ny kunnskap

3.1 Kvalitativ og kvantitativ metode

Den kvalitative metoden fangar opp meiningar og opplevingar som ikkje lar seg måle eller talfeste. Den kvantitative metoden gir data i form av målbare einingar, og den gir mulighet til å foreta rekneoperasjonar. Ved kvantitativ metode går ein meir i bredda, og ikkje i djupna som ved kvalitativt, og ein får henta eit visst tal opplysningar om mange undersøkingseiningar. Både kvalitativ og kvantitativ metode er gode å bruke, til kvar sine formål (Dalland, 2015, s. 112-113).

Mi problemstilling er som sagt «Korleis kan pedagogiske leiarar legge til rette for å skape trygg tilknytning hos dei yngste barna i barnehagen?». For å få samle inn best mogleg data om dette valte eg å bruke ein kvalitativ orientert metode, med bruk av intervju. Ved å bruke denne metoden fekk eg sett fenomenet innanfrå, eg fekk direkte kontakt med feltet og fekk gå i djupna på temaet slik at eg fekk fram best mogleg gjengiving av den kvalitative variasjon (Dalland, 2015, s. 112-113). Denne metoden var relevant for meg å bruke fordi eg ønskte å få vite noko om kva mine informantar tenkte om tilknytning, og korleis dei jobba for å legge til rette for dette. Eg søkte å forstå temaet om tilknytning for dei yngste barna sett i frå pedagogiske leiarar sitt synspunkt, og eg ville få fram betydninga av deira erfaringar og opplevingar av dette (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 20). Ved å bruke kvalitativt intervju kunne eg lettare finne kjernepunktta i det emne eg ville studere, og eg kunne få ei grundigare skildring av fenomenet som eg var interessert i (Løkken & Søbstad, 2013, s. 107).

I følge Kvale og Brinkmann (2015, s. 22) er forskingsintervju ein profesjonell samtale som byggjer på dagleglivets samtalar. Den går djupare enn vanleg samtale i kvardagen, og den er spørje- og lytteorientert.

3.2 Val av informantar

For mi problemstilling var det relevant å berre intervju pedagogiske leiarar. Eg valte å ha fire informantar for å sikre at eg fekk samla inn nok data, òg med tanke på tida og ressursane eg hadde tilgjengeleg til denne oppgåva. Dersom eg hadde hatt fleire informantar, kunne konsekvensen blitt at det ikkje vart tid til djuptgåande analyse av alle intervju (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 148). Dette samsvarar med Dalland (2015, s. 165), som påpeikar at tal på intervjupersonar ikkje bør bli for stort når ein skal gå i djupna.

For å få eit mest mogleg representativt utval, fann eg informantar frå fire ulike barnehagar, både private og offentlege, og frå fire ulike kommunar. Ved å velje slik søkte eg å få best mogleg informasjonsgrunnlag. Eg valte også berre pedagogar som jobba på småbarnsavdelingar. Eg ynskte ikkje å ha noko særleg kjennskap til barnehagane, for å unngå å ha ei førforståing av korleis dei jobbar der. Samtidig vart eine barnehagen valt ut fordi eg kjente litt til den, eg visste at dei ville ha mykje å sei om mitt tema. I følge Dalland (2015, s. 163) er val av intervjupersonar avhengig av det du ynskjer å få vite noko om. Ved å velje personar som har bestemte kunnskapar og erfaringar, gjer ein eit strategisk val.

For å få tak i mine informantar ringte eg til alle dei fire barnehagane, og eg sendte ut eit informasjonsskriv om meg sjølv og mi oppgåve. Det er viktig, i følge personvernombodet, at dei som deltar er godt informert om alle aspekt ved den aktuelle studien, slik at dei kan foreta ei heilheitleg vurdering om dei ynskjer å delta eller ikkje (Dalland, 2015, s. 105).

3.3 Førebuing og gjennomføring av intervju

Før eg kunne gå ut og intervju mine informantar, måtte eg utforme ein intervjuguide som måtte vere godkjent av rettleiar (vedlegg 1). For å kunne utforme ein god intervjuguide brukte eg tid på å setje meg grundig inn i teori om emnet, slik at eg hadde grunnlag for å formulere dei rette spørsmåla som kunne gi svar på problemstillinga mi. Eg delte inn intervjuguiden min i kategoriar, for at den skulle vere oversiktleg og lett å analysere etterpå. Eg utforma nokre vide hovudspørsmål under kvar kategori for at det skulle verte enklare, og mindre skremmande for informanten å svare på dei. I tillegg hadde eg formulert nokre underspørsmål, slik at eg hadde betre moglegheit for å få svar på det eg var ute etter. I følgje Dalland (2015, s. 167) skal intervjuguiden lede meg gjennom intervjuet, og ved å utarbeide den førebudde eg meg samtidig mentalt og fagleg til å møte intervjupersonen. Etter å ha utarbeida intervjuguiden best mogleg, testa eg den ut med to pilotintervju. Det hadde eg stor nytte av. Då fekk eg prøvd ut om spørsmåla mine var gode nok til å kunne svare på problemstillinga mi, om dei var enkle å forstå og om dei var lette å svare på. Eg fant ut at spørsmåla mine var gode nok som dei var, og valte difor å ikkje endre noko etter pilotintervjua.

Mine informantar fekk vite problemstillinga mi og temaet for oppgåva på førehand, men eg valte å ikkje gi dei intervjuguiden. Eg ville unngå at dei eventuelt leste seg opp på teori for å svare på spørsmåla, for mitt ynskje var at dei skulle svare så ærleg og spontant som muleg. Eg var klar over at eg då risikerte at mine informantar var meir nervøse, og kanskje ikkje hadde like mykje å snakke om. Men verdien av spontant og ekte svar vog tyngst.

Før eg starta intervjua fekk kvar informant eit samtykkeskjema som dei måtte skrive under på dersom dei ynskte å delta på intervjuet (vedlegg 2). I det samtykkeskjemaet presiserte eg mellom anna at alt ville bli anonymisert, og at dei kunne trekke seg når som helst utan grunn. Ved å skrive under på dette skjemaet blei informantane verna mot å bli ført bak lyset, og det styrka informantane sin autonomi (Dalland, 2015, s. 105).

Eg heldt semistrukturerte intervju, for då kunne eg legge til eller fjerne spørsmål undervegs om det var nødvendig. Eg stod også då fritt til å eventuelt endre rekkefølge på spørsmåla,

stille oppfølgingsspørsmål eller klargjere utsegn frå informanten (Løkken & Søbstad, 2013, s. 108). Intervjuguiden vart nytta i alle intervju, og sidan den inneheldt spørsmål og tema eg ynskte å ta opp, fungerte den som ei ramme for samtalen. Intervjua blei gjennomført ansikt til ansikt i eigne rom, for å unngå å bli forstyrra. Ved å intervju ansikt til ansikt kunne eg også få med meg den non-verbale kommunikasjonen, som ofte kan fortelje meg like mykje som den verbale kommunikasjonen. Eg tok opp alle intervju med min mobiltelefon, då den hadde god lyd kvalitet på opptaksfunksjonen.

Eg valte å stille dei personlege spørsmåla heilt til slutt i intervjuguiden, for å unngå at informanten vart for sjølvbevisst på formell kompetanse. Eg ville unngå at informanten følte seg meir pressa til å måtte svare «korrekt», etter å ha svart på kva utdanning dei har og kor lenge dei har jobba med dette. Kvale og Brinkmann (2015, s. 160) skildrar at etter eit intervju kan det oppstå ei viss ansentheit eller angst, fordi informanten har vore open om personlege og emosjonelle opplevingar. Då kan slike «ufarlege» spørsmål til slutt kanskje vere med på å roe og stresse ned informanten. Eg starta også intervjuet med å spørje informantane om dei kunne fortelje litt om seg sjølv og barnehagen dei jobba i, for å legge opp til litt småprat og bli litt betre kjent. Eg tenkte det var viktig at informantane fekk ein mild start der dei kunne slappe litt av, før eg byrja å stille dei meir krevjande spørsmåla. Heilt til slutt i intervjuet spurde eg bevisst om det var noko meir dei ynskte å føye til. Dette gav informantane mine ei ekstra moglegheit til å ta opp tema dei hadde tenkt på eller bekymra seg for under intervju, og dei slapp å sitje med ein ekkel følelse av å ikkje ha fått sagt alt dei ynskte (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 161).

Intervjua gjekk bra, men litt utfordringar vart det. Det eine intervjuet måtte eg stoppe to gongar på grunn av uføresette hendingar som pedagogisk leiar måtte ta seg av, og på eit anna var informanten så nervøs at ho sleit litt med å svare. Men eg fekk god læring og erfaring med å intervju andre.

3.4 Transkribering:

I følge Dalland (2015, s. 179) er transkribering ein vanleg måte å bearbeide intervju på, og det føregår ved å skrive ned ord for ord det som er sagt. Transkribering gir også ei mulighet til å gjenoppleve intervjuet slik at det blir lettare å analysere det etterpå. Når eg hørte på opptaka på mobiltelefonen brukte eg øyrepluggar for å stenge all anna lyd ute, og eg sette på seinast muleg hastighet på opptaka. Eg jobba mykje med å få ned nøyaktig det som hadde blitt sagt, som igjen førte til at eg brukte lang tid på transkriberinga. Eg hadde informantar med ulike dialekter, og for å anonymisere dei mest mogleg, valte eg å skrive alle intervju på nynorsk. Eg tenkte også at det vart meir heilheit og oversikt om heile oppgåva var på same skriftspråk.

3.5 Analyseprosessen:

Analyse er eit granskingsarbeid, der utfordringa er å finne ut kva dei innsamla data eigentleg fortel oss (Dalland, 2015, s. 144). Analyseprosessen min starta i transkriberingsprosessen, for allereie då byrja eg å sjå samanhengar og ulikheiter mellom det informantane svara. Eg valte å bruke ein impresjonistisk analyse, for i følge Befring (2015, s. 113) er det mest fornuftig å bruke når det innsamla materiale er begrensa. Og sidan eg hadde fire informantar, er nok materialet mitt litt avgrensa. Eg las då igjennom dei fire intervju som eg hadde transkribert, for å få eit heilheitleg bilde av innhaldet. Eg laga meg så ei oversikt over dei ulike tema som vart tatt opp, slik som Befring nemner, og sette opp systematisk kva dei enkelte svarte på desse tema (Befring, 2015, s. 133). Deretter samanlikna eg svara og leita etter likskapar mellom dei, og ting som skilde seg ut og var forskjellig frå kvarandre. Eg veksla mellom å sjå på heilheita, og mindre delar av intervjuet. Eg var også bevisst på å sjå etter om der kom fram noko nytt som kunne vere overraskande eller som eg ikkje hadde tenkt på.

3.6 Metodekritikk:

Det er viktig å vere kritisk og å reflektere over eigen metode og innsamling av data, for det er ingen metode som er feilfri (Bergsland og Jæger, 2014 s. 80). Metodekritikk handlar om reliabilitet og validitet, generalisering og etiske utfordringar.

3.6.1 Reliabilitet og validitet

I følgje Bergsland & Jæger (2014, s. 80) handlar reliabilitet om kor vidt forskinga har blitt utført på ein truverdig måte, kor påliteleg heile forskingsprosessen er. Eg var klar over at ved å velje intervju, i motsetning til observasjon, kunne mine informantar seie meir kva dei ynskte å gjere i staden for kva dei faktisk gjorde. Det at eg måtte stoppe eine opptaket to gongar under intervjuet, som eg nemnde tidlegare i dette kapitlet, førte til at intervjuet vart litt oppstykket og det vart mindre flyt i det. Vi klarte lett å fange oppatt tråden, men det kan ha skapt meir stress for informanten, noko som igjen kan ha påverka svara hennar.

På eit anna intervju var som sagt informanten litt nervøs. Eg fekk ei oppleving av at ho ikkje tenkte heilt klart slik at eg måtte dra nokre av svara ut av henne. Dette førte til eit par leiande spørsmål frå mi side. På grunn av hennar usikkerheit gløymte eg meg også, og gav positiv tilbakemelding på eitt av svara. Som nemnd tidlegare under transkribering, tilstreba eg ei nøyaktig gjengiving av det som vart sagt av informantane.

Validitet kan i følgje Befring (2015, s. 54) handle om forskaren sine forutintatte oppfatningar og forventningar, som kan forstyrre persepsjonen og redusere validiteten av innsamla data. Mi førforståing av temaet har påverka mitt val av teori, som deretter kan ha påverka konklusjonen på oppgåva. Mine forventningar kan også ha vist igjen under intervjuet gjennom kroppsspråket mitt, sjølv om eg var bevisst på å vere nøytral. Eg presiserte ovanfor mine informantar før eg starta intervjuet at eg ville vere så nøytral som mogleg, slik at dei forstod kvifor eg ikkje gav så mykje respons tilbake.

Eg var også kritisk når eg formulerte spørsmåla mine, for å styrke validiteten. Eg passa på at dei var relevante og kunne gi svar på problemstillinga mi, og eg testa dei ut i pilotintervju for å finne ut om dei var enkle for andre å forstå. I følgje Bergsland & Jæger (2014, s. 80) handlar validitet nettopp om kor relevant eller godt data representerer temaet som skal undersøkast, og i kva grad resultata er gyldige for det utvalet og temaet som er undersøkt.

3.6.2 Generalisering

Generalisering handlar om overførbarheit (Bergsland & Jæger, 2014 s. 80), det er å prøve å sjå i kva grad dei innsamla data er gyldige i andre liknande situasjonar (Dalland, 2015, s. 146). Ved å velje ein kvalitativ orientert metode til mi oppgåve var eg klar over at eg ikkje kunne seie korleis pedagogiske leiarar generelt jobbar med tilknytning av dei yngste barna, eg ville berre få fram tankar og arbeidsmetodar som mine fire informantar uttalte. Eg kan med andre ord ikkje generalisere mine funn, sidan eg berre har fire informantar, men eg kan ta med meg den kunnskapen og erfaringane eg har fått av mine informantar når eg sjølv skal ut og jobbe som pedagogisk leiar.

3.6.3 Etske utfordringar

Dalland (2015, s. 96) skildrar forskingsetikk som eit område av etikken som har med planlegging, gjennomføring og rapportering av forskning å gjere. Det handlar om å ivareta personvern og sikre truverdigheita av forskingsresultata. Dette er i samsvar med Befring (2015, s. 28) som seier at forskinga må vere forankra i normer som skal sikre at prosessen blir gjennomført på ein forsvarleg og verdig måte.

Eg hadde som sagt alle mine intervju inne på min mobil, og der vart dei liggande til eg hadde fått transkribert dei. Eg hadde tenkt over konsekvensen av å ha dei liggande der, og eg visste at ingen kom til å låne eller ta telefonen min. Men samtidig var det litt ubehageleg å ha så

mykje sensitiv informasjon liggande på min mobil, og det var eit stort ansvar å passe på at ingen fekk tak i desse opplysningane.

Eg har gjennom heile oppgåva vore merksam på å anonymisere namn på personar og barnehagar, og har samla data på ein fast utilgjengeleg plass. Eg har sletta intervjuar som var lagra på mobiltelefonen etter kvart som dei blei transkribert, og dei transkriberte intervjuar låg inne på pc-en som var beskytta med eit hemmeleg passord. Forsking er avhengig av at informantane har tillit til at forskarane har teieplikt om opplysningane dei får gjennom sine undersøkingar, og brot på teieplikta blir straffa etter straffelov § 121 (Dalland, 2015, s. 104).

Informantane fekk som sagt samtykkeskjema, som eg har skreve om tidlegare under avsnittet om førebuing og gjennomføring av intervju. Der presiserte eg at dei kunne trekkje seg når som helst, utan nokon grunn. Det var viktig at dei var godt klar over dette, som Dalland også påpeikar (2015, s. 105).

Truverdigheit: Eg jobba som sagt mykje med å formulere gode spørsmål som kunne gi svar på mi problemstilling. Under intervjuar spurde eg også informantane avklarande spørsmål, om eg hadde behov for det, for å vere sikker på at eg hadde forstått dei rett. Eg var også nøye med å transkribere nøyaktig kva informantane sa under intervjuar.

4.0 Empiri

I dette kapittelet presenterer eg nokre av mine funn frå intervjuar med mine informantar. Eg har valt å dele dei inn i same kategoriar slik som teoretisk perspektiv og forskning i kapittel 2, for å få heilheit og samanheng i oppgåva. Eg har fokus på dei funna som har betydning for mi problemstilling, og presenterer likskap, ulikheiter og det som skil seg ut. Vidare har eg har sitert nokre av mine informantar sine eigne utsegn, og i følge Befring (2015, s. 114) kan det

gi eit mest mogleg dekkjande uttrykk for innhaldet. Han uttrykke òg at målet er å få fram det særeigne og typiske på ein valid og sannferdig måte. For å anonymisere informantane, som eg beskreiv viktigheita av i kapittel 2, har eg valt å kalle dei informant 1, 2, 3 og 4.

4.1 Tilknyting:

Når det gjeld kva informantane legg i omgrepet tilknyting har dei like tankar og meiningar om det. Det som går igjen hos alle informantane er at det handlar om trygghet, og om at barnet får knyte band til ein vaksen. Informant 1 svarar dette om tilknyting:

Viss du lyttar til sjølve ordet so handlar det om å knytte seg til nokon, altso du må jobbe for å oppnå tillit. Du skal gi masse omsorg og kjærleik, og oppleve at du får eit band imellom deg og ungen.

Informant 3 svarar i tillegg at det handlar om tillit, omsorg og at barna får ein trygg og god start i tilvenningsperioden. Informant 2 seier at det handlar om å sjå barna å deira behov, det å sjå kva dei treng, ynskjer og kva dei ser.

Trygg tilknyting

Alle informantane uttrykker at dei merkar på barna når dei har trygg nok tilknyting, og at ein kan sjå det på forskjellige måtar. Informant 2 seier at då kjem barnet i fanget ditt, får litt trøyst og kos, og så går det ut igjen for å utforske og leike. Informant 3 nemner også det med at barnet kjem opp i fanget på deg, og i tillegg får du kanskje ein klem eller opplever at barnet ynskjer å fortelje ting til deg. Ho opplever og at barna ikkje vil at ho skal gå, men vil at ho skal vere saman med dei. Informant 4 seier det på ein heilt annan måte. Ho ser at barnet har trygg tilknyting når du som omsorgsperson kan bevege deg litt lenger vekk frå barnet, utan at det byrjar å skrike. Informant 1 seier dette:

Det er når dei tør å vere seg sjølv. Dei tør å bli so sinte som berre dei lyste, dei rasa og dei skrik og dei let seg trøyse. Dei flira og dei er tvers igjennom seg sjølv. Du ser dei senka skuldrane og...nyte livet i barnehagen.

Informantane er alle einige om at foreldra er viktige i arbeidet med å skape trygg tilknytning, noko to av dei påpeikar før eg spør om det. Foreldra påverkar barna med sin veremåte, og er dei trygge så vil også barna oftast bli trygge. Slik eg forstår mine informantar, lettar dette tilknytninga mellom barna og personalet i barnehagen. Stabilt personale er også noko som går igjen hos fleire av informantane, barna knyter seg oftast til dei personane som er stabilt til stades på avdelinga. Informant 2 seier også at personalet må ha ei viss omsorgsevne og at personalet må ha ein felles grunntanke om korleis dei skal møte foreldra og barna.

Utrygg tilknytning

Informantane nemner også at dei merkar godt når barna ikkje har trygg nok tilknytning, noko dei blant anna ser på kroppsspråket til barna. Slik eg tolkar informantane er det veldig individuelt korleis barna reagerer, men det som går igjen hos dei, er at barna då er vanskelege å kome innpå. Dei kan trekke seg unna og vil ikkje gå til deg. Informant 2 seier også at barna klarer ikkje å leike og vere nysgjerrig fordi dei er for bekymra, og dei kan vere urolege og sirkulere rundt. Informant 4 nemner at det kan vere vanskeleg å gå frå barna, dei vil ikkje at du skal gå ifrå dei. Informant 1 seier dette om korleis ho merkar at barnet er utrygt tilknytt: «Augene...viss du føle at ungane er redde, at dei ikkje vil sjå på deg, at dei ikkje vil vere i fanget ditt, du kjenne det på kroppen deira at dei reservera seg, dei er litt stive».

Foreldra kan vere ein faktor til utrygg tilknytning hos barna, seier informantane. Dersom foreldra er sjenerte, utrygge, ikkje har tillit til personalet eller brukar for lite tid i tilvenninga, kan det påverke barna til å bli utrygge. Informant 1 og 2 nemner også at om barna ikkje er vande med å vere med andre enn foreldra, kan det vere med på å skape vanskar med å få til trygg tilknytning i barnehagen. Når informantane skal jobbe med barn som har utrygg tilknytning, svarar tre av informantane at det er viktig å jobbe med foreldra. Informant 2 nemner også at det er viktig å vere nær barna og sjå dei. Informant 4 er tydeleg på at ho er tett på barna, og at det er viktig med primærkontakt.

Omsorgsperson

Alle informantane seier dei jobbar for å vere ein omsorgsperson for barna i barnehagen. Det som går igjen hos alle er at dei må vere rolege og nær barna, og at dei må kunne lese deira kroppspråk. Mange av barna har ikkje verbalspråk enda, difor må dei sense kva barna prøvar å uttrykke. Informant 4 seier at ein må vere tett på barna og ta deira signal og investere i dei med heile seg sjølv. To av informantane nemner også at dei har fokus på å vere trygge overfor barna. Informant 1 seier dette om korleis vere ein god omsorgsperson:

Du må vere var for signala som blir utsendt. Ehm...alt i frå kroppspråket, blikket, lydane, og alt sånn til ungen. Du må tolke dei, og du må setje det om i ei form for handling...frå deg sjølv. Og den handlinga bør jo vere positiv.

Nokre av informantane uttrykke at det krev mykje energi, det å vere ein slik omsorgsperson. Det å gi so mykje av seg sjølv og heile tida vere på gjer at dei ofte er slitne etter ein dag, men då veit dei også at dei har jobba godt.

4.2 Tilvenning

Slik eg forstår det på mine informantar har tilvenningsperioden mykje å sei for tilknytninga, det er då barn og personale blir kjent med kvarandre og tilknytninga oftast byrjar. Informant 1, 2 og 4 seier at dei har faste rutinar på tilvenninga med korte dagar, delt barnegruppe og dei er inne på avdelinga med dei nye barna. Informant 3 seier også at ho har faste rutinar med korte dagar og delt barnegruppe, men ho er den einaste som uttrykke at ho ikkje planlegg noko meir enn det før ho møter barnet. Ho vil heller sjå det litt an på barnet korleis ho legg opp dagen. Når informant 2 forklarar korleis ho jobbar med tilvenning, seier ho: «I starten er det det her å kunne legge mest muleg til rette for at den overgangen mellom heim og barnehage ikkje blir større enn den er då...for den er...den er stor»

Når vi snakkar om kor mange barn dei har på tilvenning same dag, tolka eg det slik at alle meiner at det bør ikkje vere for mange barn. Då blir det for mange å forholde seg til både for barn, foreldre og personale. Men samtidig har dei ulik praksis for dette. Informant 2 og 4, som jobbar i privat barnehage, har berre èit og èit barn på tilvenning kvar dag, medan informant 1

kan ha to til tre barn. Informant 3 har ein heilt annan praksis. Hos dei kan barna kome når dei vil, om dei har fått plass i barnehagen, sjølv om det er på same dag. Men samtidig påpeikar ho at det ikkje er heilt ideelt, det blir meir krevjande å få god nok kontakt med alle då.

Overgangsobjekt

Informant 1, 3 og 4 spør foreldra om barnet har noko heime dei likar godt, som dei kan ta med i barnehagen. Informant 4 seier det slik:

Og so har vi og sagt til foreldra at dei godt kan ta med seg noko heimanfrå som ungen er glad i, som den kan ha i barnehagen. Ein koseklut eller ein bamse dei er glad i, som på ein måte er ein ekstra trygghet for dei.

Informant 3 seier i tillegg at dei brukar barnas egne vogner når barna skal sove i barnehagen, for dei ser at det er med på å trygge dei. Informant 1 og 3 uttrykke at dei ber foreldra om å lage til eit hus eller ei bok av papp, der dei limer på bilde av familiemedlem og ting som barna er glad i. Då kan dei sjå på og snakke med barna om dette, noko eg oppfattar på informantane at barna likar godt.

Primærkontakt

Alle fire nemner at dei har primærkontaktordning i barnehagen, at barna får ein person som skal følgje både dei og foreldra opp i tilvenningsperioden og vidare. Informantane har alle valt å ha slik ordning fordi det er trygt og godt, og det sikrar at kvart barn blir sett. Dei uttrykke at ein primærkontakt er viktig å ha i tilvenning og tilknytingsperioden. Informant 4 seier dette om kvifor ho synest det er så viktig med primærkontakt for barna:

Det er ei trygghet for dei når dei kjem i barnehagen. Det er masse nye inntrykk, det er masse nye vaksne, masse ungar. Og det å då ha ein person som både ungen og foreldra blir godt kjent med i frå starten av, og som dei veit skal følgje dei heile tida, er ein trygghet for både dei, meg og ungen.

Informant 2 er den einaste som seier at barnet ikkje treng å knyte seg til den primærkontakta dei har fått, men at dei sjølve får bestemme. Dette uttrykke ho er viktig fordi barna har ulik kjemi med dei vaksne.

4.3 Foreldresamarbeid

Tett foreldresamarbeid er viktig i tilvenningsperioden, seier dei fire informantane. Det handlar mykje om å støtte og vegleie foreldra, for det kan vere ei sårbar tid for dei og. Informantane legg vekt på open kommunikasjon. Foreldra kan ringe når dei vil, og informantane sender meldingar til foreldra om korleis det går med barna, slik at dei skal sleppe å bekymre seg. Informant 3 uttrykke at dei jobbar saman med foreldra for barnas beste.

Informant 1 seier: «Eg synst at det er viktig at dei tar seg god tid og er til stades i starten. Ehm..lett tilgjengelige, og at vi har lav terskel for å ringe for alt vi lure på..begge vegar». Alle informantane seier også at foreldra må vere til stades minst dei tre første dagane, gjerne lenger. Det er viktig at foreldra ikkje går ifrå barna for tidleg i tilvenninga, det kan bli for vanskeleg for barna om dei ikkje har rokke å bli trygge nok på personalet.

Alle informantane har besøksdag før barna byrjar i barnehagen, slik at dei kan få helse på barna og foreldra. Dei gir også ut skjema til foreldra før start, der dei mellom anna spør om helseopplysningar, barnas rutinar, familieforhold og kva barnet likar. Då blir dei på ein måte litt kjent med barnet før det byrjar. Alle har velkomstsamtale med foreldra ganske fort etter barnehagestart, der dei snakkar om blant anna tilvenningsperioden og barnet. Informant 2 er den einaste som seier at ho spør om informasjon om barnet heilt frå fødsel av, om barnet har vore med på alvorlege situasjonar, og om der har vore problem med rus og diverse med foreldra.

4.4 Trygghetssirkelen

Eg spurde informantane om dei kjente til Trygghetssirkelen (Circle of security). Dei var delt på kunnskap om den. To av informantane som begge jobbar i kommunale barnehagar, kjente

ikkje noko særleg til den. Dei to andre informantane som jobbar i private barnehagar sa at dei kjente godt til den, og jobbar etter den i tilknyting- og tilvenningsperioden. Dei brukar den også i foreldre- og personalvegleiing. Informant 4 seier dette om Tryggheitssirkelen:

Det som er så kjekt òg, når du har lest boka, so ploppa dei ulike ungane opp i hovudet på deg. Ehm..kven er oppe i sirkelen, kven er nede i sirkelen. Og ja, no kom han til ladning. So det er liksom sånn, ja..du blir so mykje meir bevisst på måten du jobba på.

Informant 2 uttrykke at Tryggheitssirkelen er ei veldig god vegleing på den profesjonelle omsorga, og eit godt reiskap for korleis ein kan jobbe med spesielt dei yngste barna.

4.5 Oppsummering av empiri:

Når eg no har gått igjennom mine funn, ser eg at det som går igjen på det med tilknyting er trygghet, og det at barna får knyte seg til ein vaksen person. Nærleik til barnet er også viktig. Informantane ser godt på barna om dei har trygg eller utrygg tilknyting, blant anna på kroppspråket deira. Dei er alle opptatt av å vere ein omsorgsperson for barna, noko som mellom anna handlar om å vere ein roleg og nær person, som kan sense og lese barnas kroppspråk.

I tilvenningsperioden har alle faste rutinar på korleis dei gjennomfører den, men eine informant skil seg ut ved å ikkje planlegge for mykje før ho har møtt barnet. Alle er opptatt av godt foreldresamarbeid i denne perioden, dei ser kor viktig det er både for barna, seg sjølv og foreldra. I neste kapittel vil eg ta nokre av desse funna vidare, og drøfte dei i lys av relevant teori.

5.0 Drøfting

Utgangspunktet for drøftinga vil vere problemstillinga mi: «Korleis kan pedagogiske leiarar legge til rette for trygg tilknytning hos dei yngste barna i barnehagen?». Eg vil her drøfte ved å knyte relevant teori frå kapittel 2 opp mot mine empiriske funn i kapittel 4. Det første som blir drøfta er tilknytning, deretter omsorgsperson. Vidare blir tilvenning og foreldresamarbeid drøfta, og heilt til slutt Trygghetssirkelen.

5.1 Tilknytning

Informantane hadde som sagt lik oppfatning om kva tilknytning handlar om. Dei seier at det handlar om tryggleik og om at barnet får knyte band til ein vaksen. Eg vel å vise til informant 1 igjen, som sa at viss ein lyttar til sjølve ordet tilknytning, så handlar det om å knyte seg til nokon. Dette er i følgje Askland og Sataøen (2014 s. 58) akkurat det tilknytning handlar om, det at barnet får knyte emosjonelt band til ein vaksen. Tilknytning er eit medfødt behov for barn, og er like viktig som behovet for mat og drikke. Dette er også noko informant 2 er inne på ved å uttrykke at det handlar om å sjå barna og deira behov. Ho seier at tilknytninga handlar om å finne ut kva barna ser, ynskjer og treng.

Dette er også noko som minner om det Bowlby hevdar. Barn må få knyte nære og følelsmessige band til ein vaksen som kan gi trøyst, vern og ro (Hart & Schwartz, 2009, s.65). Slik eg tolkar det handlar dette også om trygghet for barna, ved at dei kan finne ein slik omsorgsperson å knyte seg til som kan ta hand om dei og deira behov. Som Smith (sitert i Drugli, 2014, s. 21.) påpeikar, kan ikkje barnet klare seg aleine. Dei må knyte seg til ein vaksen som kan ta vare på dei. Viktigheita av at barn må få knyte seg til vaksne og oppleve trygghet, er også noko som viser igjen i *Høyringsutkast til Rammepplan* (KD, 2016, s. 7).

Vi kan her sjå at informantane si forståing av omgrepet tilknytning, samsvarar i stor grad med den teorien eg støttar meg til i denne oppgåva.

Trygg tilknytning

I følge informantane merkar dei det godt på barna om dei har trygg tilknytning til nokon av personalet i barnehagen, men skildringa av korleis dei ser det på barna er forskjellig. Slik eg tolkar informantane er det ikkje éin bestemt måte barnet viser at det er trygt tilknytt nokon, men at det er individuelt frå barn til barn. Informant 2 og 3 er begge einige om at når barnet har trygg tilknytning til dei i personale, kjem det opp i fanget ditt for å få litt nærleik. Dette er noko som Hart & Schwartz (2009, s. 77) stadfestar, at den trygge tilknytninga skjer når barnet har ein omsorgsperson som trygg base å gå til når dei treng det. I tillegg seier informant 3 at barna ikkje vil at ho skal gå når dei har trygg tilknytning til ho, då vil dei at ho skal vere nær. Eg ser dette i samanheng med Broberg et al. (2014, s. 37), kva dei meiner som mellom anna kjenneteiknar trygg tilknytning. Det er nettopp at ein søker nærleik til kvarandre, og opplever ubehag ved ufrivillig separasjon.

Informant 4 seier det på ein heilt annan måte enn informant 3. I likheit med Drugli (2014, s. 27) uttalar ho at barnet er trygt tilknytt når du som omsorgsperson kan bevege deg litt lenger vekk frå barnet utan at det byrjar å skrike, barnet har ikkje behov for nærleik til omsorgsperson heile tida. Slik eg tolkar informanten her meiner ho at barnet er trygg på omsorgspersonen som sin trygge base. Det kan tørre å utforske litt på eigenhand, slik som Bowlby hevdar at barna kan når dei har den trygge basen (Abrahamsen, 2015, s. 54).

Alle informantane er einige om at foreldra er ein viktig faktor når dei skal legge til rette for god tilknytning for barna. Som Drugli (2014, s. 146), uttrykker informantane at barna blir lett påverka av foreldra sine emosjonelle signal, og dersom foreldra er trygge, vil som oftast barna og bli det. Stabilt personale er også noko som går igjen hos alle informantane, barna knyter seg oftast til dei som er stabilt til stades på avdelinga. Eg vil her vise til Drugli (2014, s. 21) , som hevdar akkurat dette. Ein av informantane nemnde også at personalet må ha ei viss omsorgsevne, som kan relaterast til *Rammeplanen (2011)*. Den påpeikar at barna har rett på omsorg, og skal møtast med omsorg (KD, 2011 s. 29) .

Utrygg tilknytning

Utrygg tilknytning viser igjen på kroppspråket til barnet, noko alle informantane påpeikar. Barna kan då vere vanskelege å kome innpå. Dei kan trekke seg vekk, eller ikkje ville gå til

deg. Slik eg forstår informantane er det også her individuelt korleis barna viser at dei ikkje har den trygge tilknytninga til deg eller andre vaksne i barnehagen. I følgje Smith (2002) kan barn med utrygg tilknytning vise at dei ikkje treng hjelp og støtte av andre fordi dei klare seg sjølve (Drugli, 2014, s. 28). Slik eg tolkar det ut frå teori om tilknytning, stolar ikkje barna på at den vaksne er tilgjengeleg når dei treng det, og dermed inntar dei denne åtferda for å beskytte seg sjølv. Informant 2 seier også at eit utrygt tilknytt barn er for bekymra til å leike og utforske, og at det kan vere uroleg og vandre rundt. Dette kan forståast i samanheng med Bowlby sin «trygge base». Han meiner at dersom barna skal kunne utforske og leike, må dei ha ein trygg base i form av ein omsorgsperson som gir dei sjølvstendigheit og trygghet til det (Abrahamsen, 2015, s. 54).

Informant 4 nemner at nokre barn vil ha henne tett innpå, dei vil ikkje at ho skal gå i det heile tatt. Dette er det same som ein annan informant sa om åtferda til nokre barn når dei har trygg tilknytning. Slik eg tolkar informant 4 er ikkje barna heilt trygg på henne som den trygge basen enda, dei har ikkje fått nok stadfesting på at ho er til stades for dei sjølv om dei ikkje ser ho. Samtidig kan det vere slik at barna faktisk er trygg på ho som omsorgsperson, men ikkje trygg nok på omgjevnadane rundt. Det ser ut som tilknytingsåtferda til barna er aktivert, og dei gir utrykk for at dei treng nærleiken til omsorgspersonen (Abrahamsen, 2015, s. 58).

Tilknytingsåtferda i desse tilfella, som er at barna prøvar å halde på henne slik at ho ikkje går, er ei form for åtferd som barna inntar for å behalde nærleiken og kontakta til omsorgspersonen (Hart & Schwartz, 2009, s. 69).

Ingen av mine informantar nemner noko om tilknytninga barna har til foreldra og korleis det kan påverke tilknytning til personalet. Informant 2 seier at ho spør foreldra om der er rus inne i bildet og korleis foreldresituasjon er, men nemner ikkje kvifor ho ynskjer å vite dette. Eg tolkar det slik at ho meiner det har betydning for åtferda til barnet, noko som igjen kan påverke tilknytninga til personalet. Barn med utrygg tilknytning til foreldra kan vise meir negativ åtferd i barnehagen, som kan føre til irritasjon hos personalet, som igjen kan føre til utrygg tilknytning til dei og (Cohn, 1990, sitert i Drugli, 2014, s. 37).

Omsorgsperson

Informantane seier dei jobbar for å vere ein omsorgsperson overfor barna. Det handlar blant anna om å ta vare på barna og ta omsyn til deira behov. I følgje Drugli (2014, s. 24) er dette eit basisbehov for barn rundt eitt år. Som omsorgsperson nemner informantane viktigheita av å vere roleg og nær barna, og lese kroppspråket deira, det å sense kva barna seier non-verbalt. Informant 4 nemner også det med å vere nær og investere i barna med heile seg sjølv. Dette samsvarar med Drugli (2014, s. 34) som meiner at sensitivitet frå omsorgspersonen er ein sentral faktor ved trygg tilknytning. Omsorgspersonen må ha merksemda si retta mot barna og fange opp og tolke barna sitt non-verbale språk. Personalet i barnehagen har omsorgsplikt overfor barna, noko som er tydeleg nedfelt i *Rammeplanen* (KD, 2011, s. 29). Fleire av informantane uttrykkjer at det å vere ein slik omsorgsperson krev mykje energi. Det å gi så mykje av seg sjølv og heile tida «vere på» gjer at dei ofte er slitne etter ein dag, men då veit dei også at dei har jobba godt med å vere nær barna.

5.2 Tilvenning

I følgje mine informantar har tilvenningsperioden mykje å seie for tilknyttinga, det er i denne perioden at barn og personale blir kjent med kvarandre og tilknyttinga oftast byrjar. Korte dagar og mindre barnegrupper er noko som går igjen på rutinar hos alle informantane. Dette kan samsvare med det Winnicott kallar «verden inn i små doser». Barna må få presentert omverda i små og passelege dosar, slik at det ikkje blir for overveldande og forvirrande for dei (Abrahamsen, 2015 s. 138). Og slik eg tolkar det vil både korte dagar og delte barnegruppe vere med på å gjere kvardagen i barnehagen meir overkomeleg. Melding til Stortinget nr 24 påpeikar også viktigheita av å ha små barnegrupper for dei yngste barna (KD, 2012-2013, s. 51).

Informant 3 sa i tillegg at ho ikkje brukar å planlegge så mykje meir enn dette når ho får nye barn på tilvenning. Ho vil møte barnet først og finne ut kva det likar, før ho legg opp dagen deretter. Ho vil ikkje planlegge dagane for mykje, fordi det er ikkje sikkert dei planane passsar for barnet. Barnehagen bør vere fleksibel med tanke på små barns tilvenning. Det er mest ideelt om rutiane blir tilpassa barnet, og ikkje omvendt (Broberg et al., 2012; Drugli & Undheim, 2012; Drugli, 2014, s. 116). Samtidig påpeikar Abrahamsen at det er viktig å ha

god planlegging og organisering av tilvenningsperioden, for å hjelpe barna med nye utfordringar i barnehagen. Barna kan verte utrygge og fortvila over den nye barnehagekvardagen, og treng vaksne som har gode faglege kunnskapar om korleis å best mogleg legge til rette for dei (Abrahamsen, 2015, s. 147).

Primærkontakt

Alle informantane sa at dei har primærkontaktordning i barnehagen som fylgjer opp foreldra og barna, fordi dei uttrykker at det er trygt og godt. I tillegg sikrar det at alle barna blir sett. Dette kan knytast opp til primærkontaktmodellen til Drugli (2014, s.113) som eg har nemnt tidlegare i kapittel 2. Primærkontakta har spesielt ansvar for nokre av barna, og går bevisst inn for å etablere god og nær relasjon til dei.

Ein av informantane skilde seg ut ved å vere den einaste som sa at barna ikkje nødvendigvis treng å knyte seg til si primærkontakt. Ho uttrykker at barna sjølv får bestemme kven dei vil knyte seg til, for det er ikkje alle vaksne barna har like god kjemi med. Bowlby legg som sagt stor vekt på betydinga av ein omsorgspersons tilgjengeligheit både fysisk og psykisk, og personen si evne til å gi gjensvar i samspel med barnet (Abrahamsen, 1997, s. 92). Drugli påpeikar at tanken er at når barnet har etablert trygghet til si primærkontakt, kan barnet bruke denne tryggheta til å utforske andre relasjonar og miljø i barnehagen (2014, s. 113). Eg tolkar det slik at om primærkontakta ikkje har desse eigenskapane, eller ikkje i den grad barnet ynskjer, kan det bli vanskeleg for barnet å knyte seg til primærkontakta. Då vil nok barna heller søke til den personen som har desse eigenskapane. Eg vil her vise til tidlegare avsnitt om omsorgsperson (Drugli, 2014, s. 34). For å legge til rette for trygg tilknytning til barna, må personen ha visse eigenskapar, blant anna å vere sensitiv ovanfor barna. Abrahamsen (2015, s. 155) påpeikar at primærkontakta ikkje må vere den som barnet knyter seg til, for det handlar om kor vidt barnet synest samhandlinga med den vaksne er trygg eller utrygg i val av tilknytingsperson.

5.3 Foreldresamarbeid

Informantane seier at tett samarbeid med foreldra i tilvenningsperioden er viktig. Dette er også noko som er tydeleggjort i Barnehagelova (2005, paragraf § 1). Foreldre og personalet skal jobbe saman for barnas behov. Informantane legg også stor vekt på open kommunikasjon, at begge partar kan ta kontakt når dei treng det. Fleire av informantane nemner også at tillit er viktig. I følge Dugli (2014, s, 133) er open kommunikasjon ofte nøkkel til byrjinga av eit godt samarbeid, og det trengs tillit for å kunne utvikle det (Drugli, 2014, s. 145). Informantane er bevisst på at det ikkje skal vere einvegskommunikasjon frå barnehage til foreldra, då blir det vanskeleg å få til eit godt samarbeid. Informantane nemner at mykje av foreldresamarbeidet går ut på at dei skal støtte og vegleie foreldra, men samtidig ser dei også på foreldra som ein ressurs i tilvenninga.

Informantane seier dei inviterer foreldra og barn til besøksdag før barnehagestart, slik at dei får sjå og helse på kvarandre. Då får også barna og foreldre bli litt kjent med barnehagen. Foreldra får eit skjema der dei skal fylle ut viktige opplysningar om barnet, og personalet har i tillegg velkomstsamtale med dei. Informantane ynskjer at begge partar skal bli litt kjent med kvarandre før barnehagestart, og i følge Drugli (2014, s. 153) er dette viktig for at foreldra skal føle seg tryggare på å levere barnet i barnehagen.

5.4 Trygheitssirkel (circle of security)

To av informantane kjente som sagt til Trygheitssirkelen, og brukar den mykje i tilvenningsperioden med tanke på tilknytning. Her får dei gode råd om korleis ein kan støtte barna nede i sirkelen, i den trygge basen, og når dei skal ut å utforske verda. Brandtzæg et al. (2013, s. 6) påpeikar i boka *Se barnet innenfra*, at Trygheitssirkelen er ei god vegleing for vaksne som skal lære om barns behov for tilknytning, trøyst og vern, og samtidig deira behov for meistring og utforsking.

Dei to andre informantane seier at dei ikkje kjenner noko særleg til Trygheitssirkelen. Men samtidig verkar det som dei jobbar etter den modellen meir eller mindre ubevisst, dei skildrar denne modellen i måten dei jobbar på. Informant 3 snakkar for eksempel om at du må vere

stabilit til stades og gi omsorg, skape trygghet, vere på golvet og legge til rette for lek. Informant 1 vel eg å sitere igjen: «Dei får klatre tilbake til kroppen din, utforske verda litt. Kome att og fram». Ein kan ut frå dette sjå at begge informantane jobbar for å vere den trygge basen som gir barnet nærleik, og samtidig trygghet til å utforske. Og akkurat dette handlar Trygghetssirkelen om (Brandtzæg et al., 2013, s. 17). Slik eg tolkar det er «Trygghetssirkelen» eit nyare og vidareutvikla namn på Bowlby sin «trygg base», og det kan vere ein av grunnane til at informantane ikkje kjente til den. Det kan også hende at dei jobbar etter liknande modellar som har andre namn.

6.0 Konklusjon

I denne oppgåva om tilknytning hos dei yngste barna i barnehagen har eg prøvd å svare på problemstillinga mi: «Korleis kan pedagogiske leiarar legge til rette for trygg tilknytning hos dei yngste barna i barnehagen». Eg brukte kvalitativt intervju for å samle inn data om dette, og empirien eg fekk har eg drøfta i lys av relevant teori.

Informantane har mykje fokus på, og kunnskap om tilknytning hos dei yngste barna, og dei vektlegg mykje det same. Dei meiner alle at tilknytning handlar om det å skape eit band til ein vaksen, det handlar om trygghet og tillit, og det handlar om å gi omsorg og sjå barnet og barnet sitt behov.

For å legge til rette for trygg tilknytning hos dei yngste barna, er det fleire faktorar mine informantar seier er viktig og som dei jobbar med. Dei uttrykker at ein må vere ein tilgjengeleg og nærverande omsorgsperson, noko dei hevdar er viktig for at barnet skal kunne knyte seg til deg. Bruk av primærkontakt og deling av barnegrupper er også noko mine informantar er opptatt av, og som dei praktiserer spesielt i tilvenningsperioden. Dette er viktig for at barnet skal sleppe å forholde seg til for mange personar på ein gong, for det kan bli for overveldande og vanskeleg for dei. Samtidig er det viktig å legge til rette for at barnet sjølv får velje kven det vil knyte seg til.

Informantane uttrykker tydeleg at samarbeid med foreldra har mykje å seie både for tilknytning og for tilvenning, og dei legg stor vekt på å få til godt samarbeid med dei. Det kan føre til at overgangen mellom barnehage og heim ikkje blir for stor, og det kan skape trygghet og oversikt for barnet. To av informantane brukar bevisst modellen om Trygghetssirkelen når dei skal jobbe for å legge til rette for trygg tilknytning hos dei yngste barna, fordi dei meiner den er eit nyttig reiskap å bruke til både foreldre- og personalvegleiing.

Som eg skreiv i innleiinga ynskte eg å lære meir om tilknytning hos dei yngste barna i barnehagen, og korleis eg sjølv kan legge til rette for det. Gjennom denne oppgåva føler eg at eg har lært mykje om dette, spesielt ved å intervju mine informantar. Kunnskapen eg har fått vil eg ta med meg når eg skal ut i jobb sjølv.

Skulle eg få sjansen til å skrive ei slik oppgåve seinare, hadde det vore interessant å gjere observasjonar av tilvenningsperioden i tillegg til intervju. Eg ville då observert korleis pedagogiske leiarar la til rette for trygg tilknytning hos dei yngste barna, og deretter samanlikna det eg observerte med empirien frå intervjuet for å sjå om desse samsvarar med kvarandre. Dersom eg hadde hatt betre tid, ville eg også intervju i fleire barnehagar, for å få ei større breidde på empirien.

7.0 Kjeldeliste:

- Abrahamsen, G. (1997). *Det nødvendige samspillet*. Tano Aschehoug
- Abrahamsen, G. (2015). *Tilknytningsbaserte barnehager*. Oslo: Universitetsforlaget
- Askland, L., & Sataøen, S. O. (2014). *Utviklingspsykologiske perspektiv på barns oppvekst*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Befring, E. (2015). *Forskningsmetoder i utdanningsvitenskap*. Oslo: Cappelen Damm
- Bergsland, H., & Jæger, M. D (Red). (2014). *Bacheloroppgaven i barnehagelærerutdanningen*. Oslo: Cappelen Damm.
- Brandtzæg, I., Smith, L., & Torsteinson, S. (2011). *Mikroseparasjoner. Tilknytning og behandling*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Brandtzæg, I., Torsteinson, S., & Øiestad, G. (2016). *Se barnet innenfra. Hvordan jobbe med tilknytning i barnehagen*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Broberg, M., Hagstrøm, B., & Broberg, A. (2014). *Tilknytning i barnehagen. Hva betyr trygghet for lek og læring*. Oslo: Cappelen Damm.
- Dalland, O. (2015). *Metode og oppgaveskriving*. Oslo: Gyldendal Akademiske.
- Drugli, M. B. (2014). *Liten i barnehagen. Forskning, teori og praksis*. Oslo: Cappelen Damm
- Fagereng, K. M (2015). *Velkommen til barnehagelivet! Oppstart og tilvenning for barn og voksne*. Oslo: Kommuneforlaget.

Hart, S., & Schwartz, R. (2009). *Frå interaksjon til relasjon. Tilknytning hos Winnicott, Bowlby, Stern, Schore & Fonagy*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Kunnskapsdepartementet (2005). *Barnehageloven*. Oslo: Departementet

Kunnskapsdepartementet. (2011). *Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Oslo: Departementet.

Kunnskapsdepartementet. (2012-2013). *Framtidens barnehage*. (St. meld. nr. 24, 2012–2013).

Oslo: Departementet. Henta frå:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/2e8ad98938b74226bc7ff395839434be/no/pdfs/stm201220130024000dddpdfs.pdf>

Kunnskapsdepartementet (2016). *Rammeplan for barnehagens innhold og*

oppgaver:Høringsutkast. Henta frå:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/aba61253bea04517a27dc78838626ae4/horingsnotat-forskrift-om-rammeplan-for-barnehagens-innhold-og-oppgaver.pdf>

Kvale, S., & Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Løkken, G., & Søbstad, F. (2013). *Observasjon og intervju i barnehagen*. Oslo: Universitetsforlaget

Smith, L. (2002). *Tilknytning og barns utvikling*. Kristiansand: Høyskoleforlaget AS

Statistisk sentralbyrå. (2016). *Barnehager, 2015, endelige tall*. Henta frå:

<http://www.ssb.no/utdanning/statistikker/barnehager/aar-endelige/2016-04-20>

8.0 Vedlegg 1

Spørsmål til intervjuguide:

1. Kan du sei litt kort om deg sjølv og barnehagen du jobbar i?

Tilknytning:

2. Hovudtemaet mitt for denne oppgåva er som sagt tilknytning hjå dei yngste barna. Kan du seie litt om kva du legg i omgrepet tilknytning»?

- Kva er dine erfaringar med tilknytning av dei yngste barna i barnehagen?
- Korleis jobbar du for å legge til rette for best mogleg tilknytning for barna?
- Kva ser du som teikn på at barnet ikkje har trygg nok tilknytning?
 - o Kva tenke du kan vere grunnen til det?
- Korleis jobbar du med barn som ikkje har trygg nok tilknytning?
 - o Vert det brukt spesifikke tiltak?
- Kva ser du som teikn på at barnet er godt nok tilknytt?
- Kva meina du er viktig for at barnet skal få god nok tilknytning?
- Korleis jobbar du for å vere ein trygg tilknytingsperson for barna?

Tilvenning:

3. Kan du seie noko om korleis du jobbar med tilvenning i din barnehage?

- Kva prosedyrar har du når eit nytt barn byrjar i barnehagen?
- Korleis legg du opp dagen når eit nytt barn kjem på tilvenning?
- Kor mange barn har du på tilvenning på same dag?
- Kva informasjon gir du dei andre på avdelinga når eit nytt barn byrjar i barnehagen?
 - o Korleis arbeida de i personalgruppa med dette på førehand (og undervegs).
- Kva tenkjer du er det aller viktigaste i tilvenninga av dei yngste barna?
- Får barna ei primærkontakt når dei byrjar i barnehagen?
 - o Kvifor/kvifor ikkje?

Foreldresamarbeid:

4. Kan du seie noko om foreldresamarbeid i denne perioden?

- Kva går foreldresamarbeidet ut på?
- Kva informasjon får foreldra om tilvenningsperioden i barnehagen?
 - Korleis får dei denne informasjonen?
- Kor mange dagar er det vanleg hos deg at foreldra får vere med barnet sitt i barnehagen i denne perioden?
- Spør du foreldra om informasjon om barnet før det skal byrje i barnehagen?
 - Eventuelt kva spør du om?

Circle of Security:

5. Kjenner du til Circle of Security (Trygheitssirkelen)?

- Kva tenker du om denne modellen?
- Jobbar du etter den i forbindelse med tilknytning og tilvenning?
 - Eventuelt kvifor/kvifor ikkje?

Omsorg:

6. Kva legg du i omgrepet sensitiv omsorg?

- Kva er dine tankar om sensitiv omsorg i forhold til tilknytning og tilvenning av dei yngste barna?

(At ein er sensitiv ovanfor barna, tar signala deira, svara raskt på dei. Er merksame på barna og prøvar å setje seg inn i deira situasjon).

- Er det noko meir du vil tilføye? Noko du ikkje har fått sagt om det med tilknytning for dei yngste barna i barnehagen som du meina er viktig?

Personleg

Kva slags utdanning har du?

Kvar tok du utdanninga di?

Når var du ferdig utdanna?

Tusen takk for at eg fekk kome å intervju deg!!!

9.0 Vedlegg 2

Samtykkeskjema for intervju til bacheloroppgåve:

Vi har vore i kontakt og snakka om, at du vil vere ein av mine informantar som vil bli intervjuet i høve mi bacheloroppgåve. Eg er veldig glad for at du sa ja til å bidra, for dine tankar og meiningar rundt temaet er av stor interesse for meg. Målet med mi forskning er å finne ut konkret korleis pedagogiske leiarar i ulike barnehagar jobbar med tilknytning for dei yngste barna, kva haldningar ein har til dette temaet og kor mykje fokus ein har på det.

Min vegleiar for bacheloroppgåva er Kristin Gangstad, høgskulelektor ved Høgskulen i Volda. Problemstillinga mi er: «Korleis kan pedagogiske leiarar legge til rette for/jobbe for å få til best mogleg tilknytning for dei minste barna i barnehagen?», men denne er under bearbeiding og kan bli endra.

Eg har valt å bruke intervju som metode for å få opplysningar om dette temaet. Intervjuet vil bli tatt opp på mobiltelefon eller bandopptakar, og blir transkribert (skreve ned) etterpå. Intervjuet vil ta ca. 30-45 min, og opplysningane som kjem fram i intervjuet vil bli brukt i mi bacheloroppgåve. All informasjon vil bli lagra på datamaskin, og sletta så snart oppgåva er levert og godkjent. Innlevering av oppgåva er 13. januar 2017.

Det er heilt frivillig å vere med og ein kan trekke seg når som helst undervegs, utan å grunngje dette nærmare. Alle opplysningar vil bli behandla konfidensielt, og ingen enkeltpersonar, avdelingar eller barnehagar vil kunne gjenkjennast. Lydopptaket blir anonymisert og vil bli sletta rett etter at det er blitt transkribert.

Med venleg helsing

Tredjeårs student ved barnehagelærerutdanning

Høgskulen i Volda

Eg har mottatt skriftleg informasjon og er villig til å delta på intervjuet:

.....

(Signatur og dato)